



Arkivsak 200002612-2
Arkivnr. 815
Saksh. Nils Egil Grude

Saksgang	Møtedato
Komit� for milj� og samferdsel	11.-12.04.2000
Fylkesutvalet	03.-04.05.2000

SAL AV NEDLAGDE FERJEKAIER P  FYLKESVEGAR

SAMANDRAG

I brev av 24. februar 2000 fr  Statens vegvesen Hordaland til fylkesr dmannen reiser vegsjefen sp rsm l om ulike sider ved sal av nedlagde ferjekai r p  fylkesvegar (sj  vedlegg). Vegsjefen legg i brevet fram forslag om at vegsjefen f r fullmakt til   selje dei fylkeskommunale ferjekaiene til kj parar i slik prioritert rekkjef lgje: 1. Tilst ytande nabo, om fylkesvegen ikkje skal oppretthaldast som offentleg veg (§ 8 i veglova), 2. Kommunen, om vegen skal oppretthaldast som offentleg veg og 3. Lagt ut p  den opne marknaden om kommunen eller tilst ytande nabo ikkje er interessert.

Vegsjefen tilr r at inntektene ved sal av dei nedlagde ferjekaiene skal nyttast til milj - og trafikksikringstiltak p  riks- og fylkesvegar i dei aktuelle kommunane. Vidare at om kommunen overtek kaiene vederlagsfritt s  skal inntektene ved seinare vidaresal  yremerkast vegform l.

Fylkesr dmannen har ikkje merknader til tilr dinga fr  vegsjefen, med unntak av bruk av inntektene ved eit eventuelt kommunalt vidaresal. Her tilr r eg at inntektene vert nytta til milj - og trafikksikringstiltak langs riks- og fylkesveg p  linje med bruk av midlane ved direktosal.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet gjev vegsjefen fullmakt til   selje nedlagde ferjekai r p  fylkesvegar som ikkje skal nyttast til beredskapskai r eller er aktuelle som kulturminne til kj parar i slik prioritert rekkjef lgje:
 1. Tilst ytande nabo, om fylkesvegen ikkje skal oppretthaldast som offentleg veg (etter veglova § 8).
 2. Kommunen, om vegen skal oppretthaldast som offentleg veg.
 3. Kj parar p  den opne marknaden om kommunen eller tilst ytande nabo ikkje er interessert.
2. Fylkesutvalet vedtek at inntektene fr  sal av nedlagde fylkeskommunale ferjekai r skal nyttast til

miljø- og trafikksikringstiltak på riks- og fylkesvegar innan kommunen der ferjekaia ligg. Inntekter frå sal av fylkeskommunale ferjekaier som vert overtekne av kommunane vederlagsfritt skal nyttast til miljø- og trafikksikringstiltak på riks- og fylkesvegar i vedkomande kommune.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Brev av 24.02. 2000 frå Statens vegvesen Hordaland til fylkesrådmannen

FYLKESRÅDMANNEN, 24. MARS 2000:

I brev av 24. februar 2000 frå Statens vegvesen Hordaland til fylkesrådmannen reiser vegsjefen ulike spørsmål ved sal av nedlagde ferjekaier på fylkesvegar (sjå vedlegg). Som det går fram av brevet er det i dag 5 ferjekaier som det er aktuelt å selje. Vegsjefen legg i brevet fram forslag til kva for kaier som kan seljast, kva for prinsipp som bør liggje til grunn for kven som kan få overta dei nedlagde ferjekaiene, og korleis inntektene ved salet skal nyttast.

Kva for kaier bør seljast

Vegvesenet har laga ein oversikt over kva for ferjekaier på fylkesvegar som er gått ut av bruk, dei har sett dette opp mot kva for kaier som bør oppretthaldast av beredskapgrunnar, og dei har tatt ut av lista dei kaiene som fylkeskonservatoren vurderar til å vere aktuelle kulturminne. Ein sit då igjen med desse fem ferjekaiene som no kan avhendast: Rongøy ferjekai i Øygarden, Solsvik ferjekai i Fjell, Rosnes ferjekai i Radøy, Alvøen ferjekai i Bergen og Barmen ferjekai i Austevoll.

Kven skal få kjøpe

Dersom vegen ikkje skal oppretthaldast som offentleg veg har tilstøytande eigedom (etter § 8 i veglova) førsteretten til kjøp av nedlagde ferjekaier skriv vegkontoret. Om vegen framleis skal vera offentleg ønskjer vegsjefen et kommunane skal få tilbod om å kjøpe kaia, og om det ikkje er kommunal interesse kan kaiene seljast på den opne marknaden.

Fylkesrådmannen er samd i den rekkjefølgja som vegsjefen tilrår om kven som kan få overta dei nedlagde ferjekaiene. Eg tilrår difor fylkesutvalet om å vedta at vegsjefen får fullmakt til å selje ferjekaiene i samsvar med § 8 i veglova. Om vegen skal oppretthaldast tilrår eg at vegsjefen skal få fullmakt til å selje til kommunen. Er ikkje kommunen interessert kan vegsjefen gå ut på den opne marknaden. Fylkesrådmannen ser det som viktig at kommunane engasjerer seg i desse sakene for om mogleg å få hand om areal som kan nyttast til framtidig næringsverksemd eller annan samfunnsstenleg verksemd, og at dei vert tekne med i kommunen sitt planarbeid.

Kva skal inntektene nyttast til

Vegsjefen tilrår at inntektene ved sal av nedlagde ferjekaier skal nyttast til miljø- og trafikksikrings- tiltak på riks- eller fylkesveg i den kommunen der kaia ligg. Fylkesrådmannen ser ikkje grunn for å gå imot tilrådinga. Det kan sjølvstøtt diskuteras om inntektene berre burde gå til tiltak på fylkesvegar. Men slik stoda er i dag når det gjeld tilføring av trafikksikringsmidlar er det kanskje lettare å få slike midlar til fylkesvegane enn til riksvegane. Vidare kan det vere tilfelle der ein ønskjer å få til samanhengande miljø- eller trafikksikringstiltak der fylkesvegen går over til riksveg eller omvendt. Ein vil då kunne nytte midlar frå sal av desse ferjekaiene til eit kombinert prosjekt langs fylkes- og riksveg.

Vegsjefen viser i brevet til at om ein kommune skulle overta ei nedlagd ferjekai på fylkesveg vederlagsfritt, så må inntektene av eit eventuelt vidare sal øymerkast til vegformål. Eg er samd med vegsjefen i eit slikt syn, og vil tilrå at midlane ikkje berre skal nyttast til vegformål, men spesifikt til miljø- og trafikksikringstiltak langs riks- og fylkesvegar slik at det blir likt med om kaiene skulle bli seld direkte frå fylkeskommunen til privat eller kommunal kjøpar. Eg legg til grunn at dette vert kontraktsfesta ved overdraging av ferjekaiane.

Sigrun Sangolt Natås sette fram slikt alternativt forslag:

- "1. Fylkesutvalet gjev vegsjefen fullmakt til å selja nedlagde ferjekaier på fylkesvegar som ikkje skal nyttast til beredskapskaier eller er aktuelle som kulturminne til kjøparar på den opne marknaden.
2. Fylkesutvalet vedtek at inntekta frå sal av nedlagde fylkeskommunale ferjekaier skal nyttast til miljø- og trafikksikringstiltak på riks- og fylkesvegar."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 13 røyster mot 2 røyster (Frp) for Sangolt Natås sitt forslag.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet gjev vegsjefen fullmakt til å selje nedlagde ferjekaier på fylkesvegar som ikkje skal nyttast til beredskapskaier eller er aktuelle som kulturminne til kjøparar i slik prioritert rekkjefølgje:
 1. Tilstøytande nabo, om fylkesvegen ikkje skal oppretthaldast som offentleg veg (etter veglova § 8).
 2. Kommunen, om vegen skal oppretthaldast som offentleg veg.
 3. Kjøparar på den opne marknaden om kommunen eller tilstøytande nabo ikkje er interessert.
2. Fylkesutvalet vedtek at inntektene frå sal av nedlagde fylkeskommunale ferjekaier skal nyttast til miljø- og trafikksikringstiltak på riks- og fylkesvegar innan kommunen der ferjekaia ligg. Inntekter frå vidareasal av fylkeskommunale ferjekaier som vert overtekne av kommunane vederlagsfritt skal nyttast til miljø- og trafikksikringstiltak på riks- og fylkesvegar i vedkomande kommune.